



Org.nr. til føretaket: 974767643

Org.nr til verksemda: 976674030

RADØY KOMMUNE SKULEADMINISTRASJON
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Kongsvinger, 31. mars 2015

Vår ref.: 15/98

Saksbehandlar: Håvard Thoen

Seksjon for arbeidsmarkedsstatistikk

Eigenmeldt sjukefråvær 1. kvartal 2015, RA-0182

Statistisk sentralbyrå (SSB) ber om opplysningar om eigenmeldt sjukefråvær for perioden 1. januar - 31. mars. Formålet med undersøkinga er å belyse utviklinga i sjukefråværet. Resultatet skal blant anna danne grunnlaget for å utvikle og evaluere tiltak for å redusere sjukefråvær. Tal for legemeldt sjukefråvær blir henta frå registra hos NAV, mens tal for eigenmeldt sjukefråvær berre kan hentast frå verksemndene.

Verksemda det skal rapporterast for, står på baksida av brevet.

Kva skal rapporterast?

For å kunne lage god statistikk på området er det nødvendig å innhente informasjon om talet på leverte eigenmeldingar, tapte arbeidsdagar og tapte dagsverk fordelt på menn og kvinner. Alle utfylte skjema er underlagt teieplikt etter statistikkloven § 2-4.

Send opplysningsane over Internett

SSB ber om at opplysningsane blir rapporterte over Internett via www.altinn.no. Dette er den sikraste måten å rapportere på, og de vil få ei kvittering som viser at opplysningsane er sende inn. Skjemaet finst under *Min meldingsboks*. Merk at du må ha ei rolle for å fylle ut skjema i Altinn. Dersom det oppstår problem ved pålogging til Altinn, ta kontakt med Altinn brukarservice på 75 00 60 00. Enkelte leverandørar av sluttbrukarsystem har lagt til rette for automatisert rapportering direkte fra sluttbrukarsystemet. Ta kontakt med leverandøren dykkar for ytterlegare informasjon.

Rettleiing finst tilgjengeleg på www.ssb.no Gå til *Innrapportering*, søk etter RA-0182, vel Eigenmeldt sjukefråvær, sjå *Dokumenter* på høgre side.

Fristen for innsending er 29. april 2015.

Spørsmål?

Svartenesten er open alle kvardagar mellom 09:00 og 15:00 og kan nåast på telefon 62 88 50 65 eller på e-post sykefra@ssb.no Hugs å gi opp organisasjonsnummeret til føretaket ved spørsmål til SSB.

Opplysningsplikt

Vi viser til tidlegare vedtak om opplysningsplikt. SSB samlar inn opplysningsane med heimel i statistikkloven § 2-2. Ifølgje statistikkloven § 2-3 har SSB lov til å ilegge tvangsmulkt til dei som ikkje rapporterer opplysningsar innan ein oppgitt frist.

På førehand takk!

Med helsing

Helge N. Næsheim
seksjonssjef

Håvard Thoen
rådgiver

Meir informasjon på baksida

Nedlagd eller seld?

Skulle verksemda vere nedlagd eller seld, må de informere SSB om dette så snart som mogleg, anten via webskjema eller ved å ta kontakt med svartenesta vår.

Verksemda det skal rapporterast for:

Namn: RADØY MUSIKK- OG KULTURSKULE

Gateadresse: Radøyvegen 1690

Postnummer/sted: 5936 MANGER

Kontaktperson:

Namn:

E-post: kulturskulen@radoy.kommune.no

Tlf.nr: 56 34 90 35

Tilbakerapportering av sjukefråværsprosentar:**Eigenmeldt sjukefråvær:**

3. kvartal 2013 3. kvartal 2014

Heile landet
Næringsgruppe
Eigen bedrift

Verksemder som er nye i utvalet, vil ikkje få tilbakerapporterte tal for eigenmeldt sjukefråvær før i 3. kvartal.

Legemeldt sjukefråvær:

Heile landet
Næringsgruppe
Eigen bedrift

.....
.....
.....

Sjukefråværsprosenten er berekna som dagsverk med sjukefråvær i prosent av avtalte dagsverk.

Dagsverk med eigenmeldt sjukefråvær byggjer på tala som blir rapporterte til SSB for dei aktuelle kvartala.

Dagsverk med legemeldt sjukefråvær byggjer på data frå eit register i Arbeids- og velferdsetaten over sjukemeldingar fylte ut av legar. Tala gjeld berre arbeidstakarer mellom 16 og 69 år som er busette i Noreg.

Avtalte dagsverk er berekna ut frå data i NAV Aa-registeret. Her ligg data som arbeidsgivarane sender om inntak og opphør av arbeidsforhold og den arbeidstida per veke som er knytte til desse arbeidsforholda. I berekningane er det gjort fråtrekk for feriedagsverk og det er gjort berekningar av arbeidstid som i begge tilfelle byggjer på nasjonale gjennomsnitt. For dei med få tilsette kan dette gi ein viss feil i sjukefråværsprosenten. Tala gjeld berre arbeidstakarer mellom 16 og 69 år som er busette i Noreg.

På websida til SSB: <http://www.ssb.no/sykefratot/> får du meir informasjon og tal for sjukefråvær.